



Sakshandsamar: Martin W. Kulild
Telefon: 57643007
E-post: fmsfmwk@fylkesmannen.no

Vår dato
01.03.2016
Dykkar dato
17.12.2015

Vår referanse
2015/4457 - 008
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Pb 8112 Dep
0032 OSLO

Høyringsvar – framlegg til nytt inntektssystem for kommunane

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har kome med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane. Departementet legg opp til at det skal vere ein gjennomgang av inntektssystemet kvart 4. år. Denne gongen er framlegget og sett i samanheng med kommunereforma.

I høyringsnotatet er det gjort framlegg til ny kostnadsnøkkel og gradert kompensasjon for smådriftsulemper gjennom basistilskotet i utgiftsutjamninga (strukturkriteriet). Med grunnlag i framlegget og 2016 data i inntektssystemet, har KS gjort berekningar som viser at kommunane i Sogn og Fjordane samla får ein årleg reduksjon på 70 mill. kroner. Dette fordeler seg på endringar i kostnadsnøklane med 24 mill. kroner og 46 mill. kroner som følgje av gradering av basistilskotet etter strukturkriteriet.

Inntektssystemet skal sikre at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane, uavhengig kvar i landet dei bur. Sjølv om endringar i kostnadsnøklane følgjer av endra behov/etterspurnad etter kommunale tenester og basistilskotet i hovudsak skal vere knytt til administrative utgifter, så vil fleire av kommunane i Sogn og Fjordane etter dette framlegget ha utfordringar med å gje innbyggjarane gode og likeverdige tenester.

Skjønnsramma til kommunane er i dei siste åra ikkje justert for løns- og prisvekst (deflatoren). Skjønsmidlane er viktig for kommunar som har vorte råka av uføresette hendingar eller over tid har hatt ei samfunnsmessig svak utvikling. Det er difor viktig å oppretthalde skjønnsramma og at den framover blir justert i tråd med deflatoren.

Kommunar i Sogn og Fjordane som har spreidd busetnad og lange avstandar til nabokommunar, er etter framlegget ufrivillig små og får derfor ikkje trekk i basistilskotet. Det er dei største (etter folketal) kommunane i fylket, som på kommunenivå får det største trekket i basistilskotet. Sjølv om desse kommunane er blant dei største i fylket, blir dei likevel rekna som frivillig små etter strukturkriteriet. Vel våre største kommunar å slå seg saman med andre kommunar, viser berekningar at den «nye» kommunen likevel får eit gradert basistilskot. Dette gjeld også etter at frigjorte midlar frå graderte basistilskot er tilbakeført kommunane pr. innbyggjar.

Ei omlegging av inntektssystemet med auka tilskot pr. innbyggjar og mindre på kommunenivå, slår uheldig ut for kommunane i Sogn og Fjordane. Dette blir følgjene når

frigjorte midlar etter gradert basistilskot meir blir fordelt etter innbyggjartal og at retninga er den same for regionalpolitiske tilskot.

I framlegget er skatteelementa og drøfta. Vi meiner at skattedelen av kommunane sine inntekter ikkje skal aukast, og at inntektsutjamninga heller ikkje må reduserast. Auka skattedel og redusert inntektsutjamning vil føre til at føresetnaden for å yte likeverdige tenester til innbyggjarane blir svekka. I 2015 hadde 21 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane skatteinntekter under landsgjennomsnittet, og vil såleis tape på auka skattedel og redusert inntektsutjamning.

Dersom det skal innførast endringar i selskapsskatten må det liggje føre betre kunnskap om samanhengen mellom selskapsskatt og kommunane si tilrettelegging for næringsutvikling.

Vi konkluderer difor med at ei retning på inntektssystemet som fordeler meir per innbyggjar og mindre på kommunenivå, vert krevjande for kommunane i vårt fylke.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Martin W. Kuliild
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.